

## Vedtekter for Plassekakken Barnehage SA etter Barnehagelova § 15

### 16 Formål

Barnehagen skal sikre barn under opplæringspliktig alder gode utviklings – og aktivitetshøve i nær forståing og samarbeid med barna sin heim (Jfr. Lov om Barnehager §§1-2).

Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, føresegner, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si verksemd.

### 17 Samarbeidsutvalet (SAMU)

Samarbeidsutvalget skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Samarbeidsutvalet skal først og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehagen og foreldra.

Samarbeidsutvalet skal foreleggast saker og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra.

Saker som gjeld tilsettingar, opptak av barn og liknande skal ikkje handsamast av samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet skal ha fire medlemmar, med to representantar frå foreldra og to frå dei tilsette. Foreldra og dei tilsette skal delta med like mange representantar. Foreldra og dei tilsette velger kvar sin vararepresentant til samarbeidsutvalet.

Samvirket avgjer sjølv om det som eigar skal delta med representantar i utvalet og eventuelt kven. Eigar kan ikkje stille med fleire representantar enn foreldra og dei tilsette har.

Samarbeidsutvalet konstituerar seg sjølv, og velgjer sjølv sin leiar. Som samarbeidsutvalets vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemt for. Ved stemmelikskap gjeld det som leiaren har stemt for. Er leiaren ikkje tilstade, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

Medlemmar i samarbeidsutvalet er fritekne frå ordinært dugnadsarbeid, men kan delta etter eige ønskje.

Dagleg leiari har møte –, tale – og framleggsrett, men ikkje stemmerett med unntak av når denne er valgt som medlem. Dagleg leiari er sakshandsamar og fast sekretær for samarbeidsutvalet.

#### Samarbeidsutvalet sine arbeidsoppgåver:

- Som rådgjevande organ kan representantane gi råd og komme med innspel i ulike spørsmål som angår barnehagen.
- Som kontaktskapande organ skal utvalet sette i gang tiltak som skaper kontakt mellom foreldre og dei tilsette. Dette inneber dugnader, festar, arrangement og ulike markeringar.
- Som samordnande organ skal utvalet arbeide for å finne fram til felles løysingar der det er fleire interessegrupper involvert.
- Samarbeidsutvalet skal fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda i bedrifta.

## 18 Andre tillitsverv

Årsmøtet velger kvart år eit dugnadsteam med 4 – 5 medlemmar. Dugnadsteamet velgjer sjølv leiar og nestleiar. Medlemmane skal velgjast for ein periode på to år, og det skal søkast kontinuitet ved at ikkje alle medlemmar står på val same år.

Dugnadsteamet samarbeider med dagleg leiar og Samarbeidsutvalet om vedlikehald av barnehagen, planlegging og gjennomføring av dugnadar. Det vert arrangert 3 dugnader pr. barnehageår med totalt 15 timer. Foreldre som ikkje har høve til å møte, kan enten ta på seg oppgåver utanom dugnad eller betale seg fri med kr. 600,- pr. dugnad.

Ei valnemnd skal velgast av årsmøtet, og valnemnda har i samarbeid med dagleg leiar og styret ansvar for å finne kandidatar til alle ledige verv i foretaket.

Medlemmar i valnemnda er fritekne frå marsdugnaden det året dei arbeider i valnemnda (jf. styresak 2012/027)

## 19 Foreldreråd

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

- Foreldre til alle barna i barnehagen utgjer foreldrerådet.
- Foreldrerådet velgjer to representantar til Samarbeidsutvalet. Ein av desse vert også vald som leiar av foreldrerådet. Foreldrerådet velgjer eit varamedlem til Samarbeidsutvalet.
- Dagleg leiar/styrar har ansvar for å kalle inn til det første foreldrerådsmøtet om hausten. Deretter organiserar rådet seg sjølv, på eige initiativ eller etter å ha fått framlagt saker som er viktig for foreldra sitt tilhøve til barnehagen.
- Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme for kvart barn, og alminneleg fleirtalsvedtak gjeld.

## 20 Opptaksmynde

Dagleg leiar/styrar føretok opptak av barn i barnehagen. Styret kan endre denne paragraf.

## 21 Opptaksriterier

Barnehagen sin opptakskrins er foretaket sine medlemmar.  
Barnehagen er åpen for barn mellom null og seks år/ skulestart.

Ved opptak av barn skal det leggast vekt på følgjande kriterier i prioritert rekkefølge:

1. Barnehagelova § 13 om barn med nedsett funksjonsevne og særskilde behov.
2. Barn av tilsette, dersom dette er viktig for rekruttering til stillingar ved barnehagen.
3. Søsken av barn som har plass i barnehagen.
4. Barn av medlemmar i selskapet.
5. Barn fra Ålesund kommune

Opptaket av barn skal samordnast med Ålesund kommunale barnehagar, iht. Barnehagelova § 12 om samordna opptaksprosess i kommunen.

Styret kan endre denne paragraf.

## 22 Type plass

Plasseybakken Barnehage SA tilbyr som hovudregel kun 100 % plassar. Dagleg leiar har mynde til å inngå avtale med foreldre om redusert plass ved særskilte høve.

## 23 Opptaksperiode og oppseingsfrist

Barnehageåret er 15.08 – 15.08.

Opptak av barn skjer heile året, men i hovudsak ved samordna opptaksprosess med søknadsfrist 1. mars kvart år. Dagleg leiar tilbyr barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptaksprosess. Barn som får tildelt fast plass, beheld denne fram til 15. august i året for skulestart. Medlemsskapet vert rekna som automatisk opphört ved skulestart.

All oppseining skal vere skriftleg med 2 månaders varsel, rekna frå utløpet av den månaden oppseininga vert motteken av dagleg leiar. Den same oppseingstida gjeld ved søknad om permisjon eller ved reduksjon av plass. Så lenge ein har permisjon frå barnehageplass, beheld ein medlemsskapet i Samvirkeforetaket. Ved oppseining av plass, vert medlemsskapet rekna som automatisk opphört.

Foreldre/føresette kan søke permisjon frå ein barnehageplass ut det barnehageåret ein er inne i. Permisjon kan innvilgast dersom det er mogleg å fylle opp plassen.

Det er ikkje høve til å innvilge permisjon frå barnehageplass som ikkje er teken i bruk, med mindre særskilte høve tilseier det. Dette vert avgjort av styret.

Oppseining frå foreldre/føresette si side motteken av barnehagen etter 1. april medfører ei plikt til å betale for plassen ut barnehageåret. Dersom barnehagen klarer å fylle plassen i oppseingstida, skal foreldrebetalingsplikta i oppseingstida reduserast høvesvis.

Styret kan endre denne paragraf.

## 24 Klageadgang ved avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptak

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt første eller andre ønske oppfylt.

Utanom hovudopptak kan berre søkerar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 13 klage, dersom dei ikkje får tilbod om plass. Dette gjeld barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter nærmare reglar i lov om barneverntenester.

Klage skal framsetta skriftleg for Ålesund kommune, og må nemne kva avgjerd det vert klaga på og dei grunnar klagaren støttar seg til. Klagefrist er 3 veker frå det tidspunkt avgjerd som det skal klagast over er komen fram til søkeren. For den som ikkje har motteke underretning, gjeld fristen frå det tidspunkt vedkommande har fått eller burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerdsla.

Reglane for klageadgang er heimla i Føresegns om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage, (føresegns 2005-12-16 nr. 1477).

## **25 Fastsetting av foreldrebetaling**

Foreldrebetaling følgjer dei til ei kvar tid fastsette reglar for opphaldsbetaling, jfr. Lov om barnehagar § 15 og føresegns om foreldrebetaling. Foreldrebetaling skjer pr. barn pr. mnd innan den 25. i månaden før den månaden betalinga gjeld for.

Opphaldsbetaling skal betalast 11 mndr. pr. barnehageår, med juli som betalingsfri månad.

Matpengar kjem i tillegg til fastsett foreldrebetaling.

Styret kan endre denne paragraf.

## **26 Leike – og opphaldsareal**

Netto leike- og opphaldsareal inne er 457,0 kvm. Barnehagen si norm for arealutnytting er 4,0 kvm pr. barn over 3 år. Kvart barn under 3 år tek opp to plassar og skal ha minst 1/3 større leike- og opphaldsareal enn norma på 4,0 kvm. Norma for arealutnytting for barn under 3 år er derfor fastsett til 5,3 kvm.

Styret kan endre denne paragraf.

## **27 Åpningstid og ferie**

Åpningstid er fra kl. 07.00 til kl. 17.00 mandag til fredag.

Barnehagen er stengt julafoten og nyttårsaften.

I påska stenger barnehagen kl 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

Kvart barn skal som hovudregel avvikle 4 veker samanhengende ferie i perioden 15. juni – 15. august. For barna vert den 5. ferieveka på planleggings – og studiedagane til personalet. Foreldre skal avtale fastsetting av ferie for barnet med dagleg leiar innan 15. februar kvart år.

Styret har fullmakt til å beslutte stenging i ferien dersom det skulle vise seg at å halde åpen barnehage sommaren gjennom ikkje kan forsvarast utifrå barnehagen sin økonomiske situasjon.

Dagleg leiar har mynde til å regulere åpningstidene etter brukarane sine behov og budsjettmessige føresetnader.

Styret kan endre denne paragraf.

## **28 Internkontroll/HMS**

Barnehagen skal ha system for internkontroll etter gjeldande reglar og føresegner.

Det skal arbeidast systematisk med miljøretta helsevern og dokumentasjon av dette ved Plassekakken barnehage SA.

Dagleg leiar har ansvar for utarbeiding og dokumentasjon av internkontrollsystemet.

Styret kan endre denne paragraf.

## **29 Medlemsskap i Private Barnehagers Landsforbund – arbeidsgjevarseksjonen**

Plassekakken Barnehage SA er tilslutta Private Barnehagers Landsforbund – arbeidsgjevarseksjonen.

Medlemmar av arbeidsgjevarseksjonen er bundne av resultatet av hovud- og hovudtariffavtalar som forbundet inngår med arbeidstakarorganisasjonar, og vert gitt rådgjeving i arbeidsgjevarspørsmål av forbundet.

Styret kan endre denne paragraf.

Vedtekne av andelsmøtet april 2007.

Endra 9. januar 2009 av styret. Gjeld § 15.

Sist endra 28. september 2009 av årsmøtet. Gjeld §§ 6,8 og 10.

Sist endra 30. april 2012 av årsmøtet. Gjeld §§1 – 16, 17, 19, 20, 21, 23, 24 og 28.

Sist endra 24. februar 2014 av styret. Gjeld § 28.

Sist endra 3. mars 2016 av styret. Gjeld §§ 23 og 28.

Sist endra 29. mai av årsmøtet 2020. Gjeld § 20.

Sist endra 13.9.2021 av styret. Gjeld §§ 23 og 25.

Sist endra 22. april 2024 av årsmøtet. Gjeld § 22 (NY).